

Ofta Kraft AS

6887 LÆRDAL

Vår dato: 09.02.2022

Vår ref.: 202115244-33

Dykkar ref.:

Randi Holme

99215122/rho@nve.no

Rapport frå synfaring 26.01.2022 - Ofta kraftverk - Lærdal kommune

Vi viser til synfaring ved Ofta kraftverk 26.01.2022. NVE inviterte til synfaringa, og invitasjonen vart vidareformidla til bebuarane av Lærdal kommune.

Bakgrunn for synfaringa

NVE har motteke detaljplan for bygging av Ofta kraftverk. NVE har sendt detaljplanen på høyring til Lærdal kommune, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Sogn og Fjordane villreinnemnd.

Synfaringa vart gjennomført etter initiativ frå bebuarar i byggefeltet i Ofta, for at dei skulle få høve til å uttale seg om planen som er sendt til NVE.

Deltakarar:

Frå Ofta kraft AS: Sveinung Rud og Bård Moberg

Frå Bystøl AS: Fridtjof Helgesen

Frå Lærdal kommune: Audun Mo, Magnhild Aspevik, og Alf Magne Hjellum

Frå NVE: Randi Holme

Frå bustadfeltet i Ofta deltok om lag 30 personar

Synfaringa

Presentasjon og innleiande orientering føregjekk ved Oftabruui. Størstedelen av synfaringa føregjekk ved vassverket og på området der kraftstasjonen er planlagt bygd.

NVE orienterte om korleis konsesjonshandsaminga var gjennomført, og bakgrunnen for at detaljplanen ikkje er sendt på formell høyring til bebuarane i Ofta.

Ofta kraft gjekk gjennom dei tilbakemeldingane som vart gitt på informasjonsmøte med grunneigarar og naboar som vart gjennomført i midten av januar. Dette omfatta bekymringar for trafikkstøy og tungtransport i anleggsfasen, etablering av riggområde som skal nyttast i anleggsfasen, generelle tilbakemeldingar om støy i anleggsfasen, plassering av kraftstasjonen, støy frå kraftstasjonen i driftsperioden og vurderingar som er gjort i høve til skred.



Deltakarane si tilbakemeldingar på den generelle orienteringa

Det vart stilt spørsmål om bebruarane sin mogelegheit til å påverke prosessen, og kvifor detaljplanen for miljø og landskap ikkje er sendt til bebruarane, eller lagt ut til offentleg ettersyn. NVE orienterte om at detaljplanen så lang er handsama i samsvar med dei rutinar som er lagt opp for handsaming av detaljplanar. Detaljplanen som NVE har motteke er i samsvar med konsesjonen som er gitt. NVE viste til at konsesjonssøknaden var lagt ut til offentleg etter syn, og at dette var annonsert i avisa. NVE fekk ikkje uttalar frå nokon lokalt i samband med den offentlege høyringa. NVE mottok heller ikkje klage på konsesjonsvedtaket.

Deltakarane si tilbakemeldingar på den planlagde utbygginga:

Innspela er omtalte temavis, og dei mest sentrale innspela er samanfatta.

Bruk av eksisterande vegar, anleggstrafikk, støy, tryggleik

Det vart stilt spørsmål ved bruk av eksisterande vegar, både grusvegen langs Oftaelvi og den kommunale veggen gjennom Ofta Vest. Særleg gjeld dette omfang av anleggstrafikk, støy frå anleggstrafikken og kva tid på døgnet der vert trafikk. Det vart opplyst at nokre av bebruarane i byggjefeltet arbeider skift og er avhengige av å sove om dagen. Det vart i tillegg peika på at anleggstrafikk gjennom Ofta Vest ikkje er ønskjeleg på grunn av sikkerheita til bebruarane, særleg born.

Det vart gitt innspel om å etablere ein tilkomstveg nord for Ofta Vest for å unngå trafikk gjennom bustadfeltet. Det vart vist til fråsegna frå Lærdal kommune, der kommunen skriv at «*Den kommunale veggen gjennom Ofta Vest kan ikkje nyttast til anleggsveg i anleggsperioden. All anleggstrafikk må gå på grusvegen langs Oftaelvi*». NVE vart bedt om å legge vekt på dette i den vidare handsaminga av detaljplanen.

Ofta kraft orienterte om kor mykje anleggstrafikk ein må rekne med, og om dei tilfella der det kan verte nødvendig å bruke den kommunale veggen gjennom Ofta Vest. Det vart og orientert om korleis Ofta kraft i størst mogeleg grad vil ta omsyn til bebruarane i anleggsfasen.

Etablering av riggområda ved vassverket og kraftstasjonen.

Det vart stilt spørsmål ved kor store areal som er planlagt brukt som riggområde, korleis dei vert utforma, og kvar massane til områda skal hentast frå. Ofta kraft orienterte om dette, og opplyste at riggområda er mellombels arealbruk som vert sett i stand etter at anlegget er bygd. Det kom innspel om at riggområda må merkast fysisk i terrenget før arbeida tek til slik at det er mogeleg å sjå kor store områda er. NVE orienterte om at arealbruken vert følgd opp av NVE gjennom inspeksjonar i byggefasen.

Plassering av kraftstasjonen

Det vart stilt detaljerte spørsmål om kvar kraftstasjonen vert plassert. Slik det er skildra i detaljplanen er han planlagt bygd på kote 60, like ved turstien opp gjennom Oftadalen. Dette er eitt av dei to alternativa det er gitt konsesjon til. Det vart stilt fleire spørsmål ved denne plasseringa. Det er stor bekymring både for støy og ras/skred, og kva konsekvensar



dette kan få for dei som bur nedanfor kraftstasjonen. Det vart og peika på at stien som går opp gjennom Oftadalen er mykje brukt, og at kraftstasjonen har ei dårleg plassering i forhold til dette. Ofta kraft orienterte om plassering av kraftstasjonen, korleis turstien vert lagd om i byggjefasen og korleis han vert sett i stand etter at byggjearbeida er gjennomførte.

Skredfare

Det vart stilt fleire spørsmål ved kva undersøkingar som er gjort i høve til skred. Det er stor bekymring for at bygging av kraftstasjonen der han er planlagt no kan få konsekvensar for tryggleiken for bebruarane nedanfor.

Ofta kraft orienterte om kva undersøkingar som er gjennomført, og at dei er i gang med ytterlegare undersøkingar i området med geolog. NVE orienterte om at Ofta kraft skal sende inn to ulike planar til NVE. I tillegg til detaljplanen for miljø og landskap skal det sendast inn ein teknisk plan. Denne skal skildre korleis tekniske krav til anlegget vert følgde opp av Ofta kraft. Den tekniske planen skal handsamast av NVE og godkjennast før arbeida tek til. NVE opplyste om at anlegget er underlagt dei tekniske krava som følgjer av plan og bygningslova.

NVE sin konklusjon etter synfaringa

Det kom klare innspel både knytt til plassering av kraftstasjonen, anleggstrafikk i byggjefasen og støy i anleggs- og driftsfasen. I tillegg vart det uttrykt stor bekymring for kva konsekvensar utbygginga har for tryggleiken til dei som bur nedanfor kraftstasjonen. Dette gjeld både anleggs- og driftsfasen.

Konsesjonen til Ofta kraftverk er gitt med to alternativ for plassering av kraftstasjonen, eitt alternativ på kote 70 og eitt på kote 60. I søknaden om konsesjon som var sendt på høyring, var kraftstasjonen plassert på kote 70. Alternativ plassering på kote 60, slik det er gitt konsesjon til, har ikkje bebruarane i Ofta hatt høve til å uttale seg om tidlegare.

På bakgrunn av dei innspela som deltakarane ga på synfaringa om plassering av kraftstasjonen og at det ikkje har vore høve til å uttale seg om plassering av kraftverket på kote 60 tidlegare, må dei som vert direkte råka av utbygginga få høve til å uttale seg om dette.

På bakgrunn av tilbakemeldingane på synfaringa vil Ofta kraft vurdere om plassering av kraftstasjonen kan endrast. Desse vurderingane må opplysast i ein revidert detaljplan som skal sendast til NVE som grunnlag for vidare handsaming.

Vidare prosess for handsaming av detaljplanen

Normalt vert detaljplanar for miljø og landskap sendt på avgrensa høyring til kommunen, fylkeskommunen og Statsforvaltaren. På grunn av kraftstasjonen si plassering i høve til bustadfeltet i Ofta, og at det ikkje har vore høve til å uttale seg om å plassere kraftstasjonen på kote 60 tidlegare i prosessen, vert revidert detaljplanen sendt på høyring til dei som vert direkte råka av utbygginga, Lærdal kommune, Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Sogn og Fjordane villreinnemnd.



Med helsing

Mari Hegg Gundersen
Seksjonssjef

Randi Holme
senioringeniør

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Ofta Kraft AS

Kopimottakarliste:

Bystøl AS

FORTE VANNKRAFT AS

LÆRDAL KOMMUNE

LÆRDAL KOMMUNE